



FOLKEBIBLIOTEKA SOM INTEGRERINGSARENA

RAPPORT OM STATUS OG POTENSIAL I VESTLAND

INNHALD

Bakgrunn og grunngiving for rapporten	3
Oppbygging av rapport	4
Metode og utval.....	4
Statistikk, prosjekt og forskning.....	6
Kulturbruk blant personar med innvandrarbakgrunn.....	6
Prosjekt, arrangement, tilbod	7
Biblioteket som arena - utvald forskning på innvandrarar og bibliotek.....	8
Presentasjon av funn	10
Biblioteket som møteplass.....	10
Tilrettelegging for familiar	12
Sommarles	13
Fleirspråkeleg litteratur.....	14
Introduksjon til biblioteket.....	15
Samarbeid om språkkafe	17
Kommunikasjon	18
Digital rettleiing	19
Språkpraksis.....	21
Samarbeid, avtalar og strukturar.....	22
Oppsummering, potensial og vegen vidare	24
Prosjektet.....	26
Kjelder	27

BAKGRUNN OG GRUNNGIVING FOR RAPPORTEN

Denne rapporten tek utgangspunkt i spørsmålet: *Korleis kan Vestland fylkeskommune ved bibliotekutvikling Vestland støtte folkebiblioteka som arenaer for integrering og bidra til vidare utvikling?*

Rapporten er utarbeidd som ein del av utviklingsarbeid ved bibliotekutvikling i Vestland fylkeskommune. Målet er å etablere eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for å styrke folkebiblioteka i arbeidet med inkludering og integrering i fylket.

Kunnskapsgrunnlaget som blir presentert i rapporten, gir innsikt i den rolla folkebiblioteka spelar i dag, samt utfordringar og utviklingspotensial knytt til deira funksjon som integreringsarenaer. Fylkeskommunen kan med utgangspunkt i resultatane støtte folkebiblioteka i å vidareutvikle berekraftige satsingar, tilpassa deira lokale føresetnader.

Rapporten byggjer på kvalitative intervju med biblioteksjefar i seks kommunar i Vestland, og gir ei oppdatert forståing av korleis biblioteksektoren både er og kan vere ein sentral aktør i arbeidet med integrering på lokalt plan.

Utviklingsplanen for Vestland og Regional plan for kultur gir forankring og retning i det overordna arbeidet til bibliotekutvikling Vestland, mens denne rapporten gir eit grunnlag for å peike på konkrete satsingar og tiltak.

Folkebiblioteka har ein unik posisjon som møteplassar for heile befolkninga. Den unike posisjonen ligg i at biblioteka finst i alle kommunar, er gratis å bruke og blir brukt på tvers av ulike grupper i samfunnet. Sjølvgrunntanken til folkebiblioteka er inkluderande: Alle skal ha den same tilgangen til kunnskap, informasjon og litteratur. Alt dette er forankra i Folkebibliotekloven. Derfor er biblioteka ein viktig arena for å inkludere alle grupper i samfunnet.

Vestland er eit fylke med ei mangfaldig og fleirkulturell befolkning. Målet med integrering er at innvandarane skal vere deltakande på alle samfunnsarenaene. For å oppnå integrering må ein jobbe for eit inkluderande samfunn på alle nivå. Dette er eit kontinuerleg arbeid som må vere med oss i alt vi gjer. Derfor er det viktig at integreringsarbeidet som folkebiblioteka er ein del av, ikkje ber preg av kortsiktige prosjekt, men legg til rette for berekraftige strukturar. På same tid vil innvandarbefolkninga alltid vere i endring, noko som krev oppdatert kompetanse og fleksibilitet i tenestetilbodet.

Innvandrarar og norskfødde med innvandarforeldre utgjorde 16,47% av befolkninga i Vestland i 2024, mot 20,8% i Noreg. Samansetninga av innvandrarar varierer frå kommune til kommune. I nokre kommunar er det mange arbeidsinnvandrarar, men få flyktningar. I andre er det flest flyktningar, og nokre kommunar har mange av begge gruppene. I alle kommunane vi har med i utvalet bur det både arbeidsinnvandrarar og flyktningar, men i litt ulik grad.

OPPBYGGING AV RAPPORT

I denne rapporten gjer vi først greie for val av metode i innsamlinga av informasjon frå biblioteksjefar i fylket, deretter presenterer vi kort statistikk, nokre tidlegare prosjekt og forskning før vi legg fram funn frå intervjua. Statistikken, prosjektoversikta og forskinga gir ei ramme for å lese desse funna. Kvart funn er organisert under ei tematisk overskrift og blir etterfølgt av eit potensial. Potensialet skildrar mogleg vidare utvikling på området og gir eit grunnlag for utviklingsarbeid og utarbeiding av moglege satsingar og konkrete tiltak. Rapporten vil slik vere nyttig på kort og lang sikt.

METODE OG UTVAL

Vi ønskte å få fram biblioteksjefane sine inntrykk av innvandrarar sin bruk av biblioteket, kva tilbod biblioteka hadde for målgruppa og kor moglegheiter og barrierar låg for biblioteka som integreringsarena. Kvalitative, semistrukturerte intervju vart valt som metode framfor kvantitativ metode i form av spørjeskjema. Her er ein ikkje ute etter statistisk generalisering, men å nytte kvalitative data til å finne mønster og dynamikkar som kan vere aktuelle også for andre bibliotek. Kvalitative studiar gir større djupneinnsikt, og dei er derfor godt eigna til å belyse dette. Når vi valde semistrukturerte intervju, var det fordi vi ønskte å halde ein raud tråd gjennom intervjua og få biblioteksjefane sitt syn på utvalde tema innan integrering i biblioteket. Intervjuguiden er bygd på vår faglege kjennskap til folkebibliotek og integrering, i tillegg til fordjuping i statistikk og forskning. Vi opna også for at biblioteksjefane kunne ta opp eigne erfaringar og refleksjonar rundt temaet.

Vi ønskte eit mest mogleg representativt og mangfaldig case. Utvalet av kommunar blei gjort etter ei fordeling innan kommunestorleik, innvandrarbefolkning, type og storleik på bibliotek. Tabell 1 viser fordelinga. Med utvalet ville vi sikre ein variasjon som spegla dei ulike biblioteka og tilhøva biblioteka har i Vestland.

Tabell 1) Oversikt kommunar

Kommunestorleik	Antal
Store kommunar (kommunar med folketal over 20 000)	1 kommune
Mellomstore kommunar (folketal frå 10 000 og 20 000)	2 kommunar
Mindre kommunar (folketal frå 2000 til 10 000)	2 kommunar
Små kommunar (folketal frå 2000 og nedover)	1 kommunar

Nokre av kommunane plukka vi ut fordi vi hadde kjennskap til aktuelle prosjekt eller etablerte tilbod, og andre fordi vi hadde mindre eller lite informasjon om deira tilbod til innvandrarar i kommunen. Vi valde i utgangspunktet ut seks kommunar. Alle biblioteksjefane vi sende

førespurnad til, takka ja til å delta. Intervjua varte mellom 45 minutt og 1 time og 15 minutt. Det blei gjort opptak og automatisk transkribering av intervjua, til bruk i rapportskrivinga. Alle informantane gav skriftleg samtykke til deltaking.

Å finne rett tal på informantar er ei vurderingssak. Eit teikn på at det held med tal på informantar, er når det ikkje kjem særleg ny informasjon frå det ein allereie har. Etter seks intervju vurderte vi at det var ein viss overlapp mellom informasjonen informantane gav, og at vi hadde fått eit stort nok kjeldemateriale å jobbe med. Alle intervjua fann stad hausten 2024.

Bruk av ulike omgrep i rapporten

Statistisk sentralbyrå brukar omgrepet «personar med innvandrarbakgrunn» som samlenemning om innvandrarak (personar som er fødde i utlandet av to utanlandske foreldre) og norskfødde med innvandrarforeldre. I vår rapport vil vi bruke «innvandrarak» om begge grupper, fordi det i daglegtale ikkje er så vanleg å skilje, og fordi biblioteksjefane ikkje alltid har moglegheit for å skilje.

I rapporten vil «arbeidsinnvandrarak» romme både dei som har skiftarbeid i Noreg, og dei som har flytta meir langsiktig til kommunen pga. arbeid. Biblioteksjefane snakkar stort sett om dei som har langsiktig tilknytning, sidan det er dei dei observerer bruker biblioteket.

«Flyktning» vil romme både asylsøkarar og busette flyktningar. Men «innvandrarak» blir i nokre tilfelle brukt av biblioteksjefane når dei snakkar spesifikt om flyktningar, i tillegg til om målgruppa som heilheit. Flyktningar er den gruppa alle biblioteksjefane ser mest til i biblioteket, noko som vi har sett kan ha samanheng med samarbeid med vaksenopplæring og språkkafé.

STATISTIKK, PROSJEKT OG FORSKING

Folkebiblioteka i Vestland eksisterer ikkje i eit vakuum, og eit kunnskapsgrunnlag er ikkje fullstendig utan at vi også ser på fakta og informasjon vi kan hente frå andre kjelder. I dette kapitlet skal vi presentere relevant statistikk, utvald forskning og sjå litt på kva som er gjort tidlegare av prosjekt i Vestland. Dette var med å danne grunnlaget for utviklinga av intervjuguiden og er konteksten vi må forstå funna frå intervju i.

KULTURBRUK BLANT PERSONAR MED INNVANDRARBAGGRUNN

Statistisk sentralbyrå (SSB) utførte i 2023 ei landsomfattande undersøking om kulturbruk hos innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre, som eit tillegg til Norsk kulturbarometer (2023). Kulturtilboda som er undersøkt er: kino, folkebibliotek, teater, opera, ballett-/danseforestilling, museum, kunstutstilling, konsert, festival, idrettsarrangement, trus-/livssynsmøte. I vår samanheng har vi fokusert mest på relevante tal frå temaområda bibliotek og lesing. Men først skal vi trekke fram nokre relevante overordna hovudfunn.

Eit generelt hovudfunn er at barn og unge med innvandrarbakgrunn er dei som i størst grad nyttar seg av kulturtilboda som er undersøkt, og eit anna er at kvinner bruker kulturtilboda i større grad enn menn. Færre med innvandrarbakgrunn har besøkt kulturtilbod samanlikna med resten av befolkninga. Det kom fram at fleire gjerne ville bruke kulturtilbod oftare. Dei vanlegaste barrierane for ikkje å kunne nytte tilboda, blir oppgitt å vere lite tid og økonomi.

Biblioteket er blant dei mest brukte kulturtilboda hos innvandrarbefolkninga. Det er likevel viktig å merke seg at dei besøkte biblioteka færre gonger enn andre besøkande: 7,2 gonger i snitt mot 12,3 i snitt hos befolkninga elles. Kvinner med innvandrarbakgrunn besøkte biblioteket meir og oftare enn menn. Samanlikna med befolkninga elles, er det fleire med innvandrarbakgrunn som seier at dei vil besøke biblioteket oftare enn det dei gjorde i 2023. Mangel på tid er den hyppigaste grunngevinga som blir gitt for å ikkje nytte biblioteket oftare, og denne grunngevinga er signifikant høgare hos personar med innvandrarbakgrunn enn for befolkning elles.

Mens heile 66 prosent av innvandrarak med landbakgrunn frå Afrika, Asia og andre land utanfor Europa brukte folkebiblioteka, var det berre 48 prosent av dei som kjem frå EU/EØS som gjorde det. Dette kan tyde på at folkebiblioteka er spesielt viktig for flyktninggruppa. 15% av innvandrarak har aldri vore på biblioteket, og av dei med kort butid (0-2 år) er talet 27%.

Likt som for befolkninga elles er den mest vanlege aktiviteten på folkebiblioteket å låne eller levere bøker. Det er verdt å merke seg at innvandrarak brukte biblioteket meir til andre formål enn resten av befolkninga. Desse formåla var mellom anna å lese bøker og aviser. Eit anna interessant funn er at unge med innvandrarbakgrunn under 16 år var i større grad aleine på biblioteket enn unge i befolkninga elles.

Som del av rapporten *Kulturbruk blant personer med innvandrerbakgrunn* er lesing også undersøkt. Blant dei som var med på undersøkinga, melder 67% å ha lese ei eller fleire papirbøker dei siste 12 månader, mot 66% i befolkninga elles. Det vil seie at det er nokså likt kor mykje personar med innvandrarbakgrunn og befolkninga elles les. Personar med innvandrarbakgrunn skil seg litt frå befolkninga elles i lesing av e-bok, her melder fleire at dei har lese e-bok, 30% siste 12 månader, mot 19% i resten av befolkninga. Innvandrarvinner les meir enn menn.

I 2023 auka talet på dei som las papirbøker på andre språk enn norsk og engelsk – til 27 %. I aldersgruppa mellom 9-15 var det berre 6% som las ei bok på eit anna språk enn norsk eller engelsk. Likevel viser undersøkinga at barn og unge med innvandrarbakgrunn les meir på fritida enn barn og unge i befolkninga elles. Spesielt gjeld det jenter i alderen 9 til 15 år. Det var også dei som besøkte folkebiblioteket mest.

PROSJEKT, ARRANGEMENT, TILBOD

Folkebiblioteket som integreringsarena har vore jobba med på ulikt vis over lang tid i vår region. I starten av kartlegginga til rapporten såg vi på tidlegare prosjekt i Vestland. I tillegg samla vi ein oversikt over vanlege tilbod og arrangement retta mot innvandrarar. Dette blei gjort for å sjå på heilskapen i tilbodet, for å sjå kva ein eventuelt kan bygge vidare på i nye satsingar, og som førebuing til intervju.

Oppfatninga i det vi starta kartlegginga og som i stor grad har blitt stadfesta, er at vanlege tilbod og arrangement retta mot innvandrar på bibliotek er fleirspråkleg litteratur, tilgang til pc, digital rettleiing og språkkafé.

Av tidlegare prosjekt er det særleg to vi vil trekke fram fordi dei har involvert fleire bibliotek i fylket, og kan dermed vere viktig som kontekst for dagens situasjon. Det eine av desse er *Rom for møte – folkebiblioteka i Bergen og Vestland som integreringsarena (2019-2022)*, som også hadde eit oppfølgingsprosjekt som heitte *Rom for møte – spel, teknologi og integrering* frå 2021-2022. Det var eit samarbeidsprosjekt mellom Vestland innvandrarråd, Bergen offentlige bibliotek og Hordaland/Vestland fylkeskommune, med støtte frå Gjensidigestiftinga.

Målet med prosjektet var å skape møteplassar som inviterte til møte på tvers av kulturell bakgrunn gjennom felles aktivitetar og interesser, m.a. spel og teknologi, men også ved å støtte arrangement og tiltak som t.d. gjekk på språktrening, lokale tradisjonar og generasjonsmøte. Folkebiblioteka i Vestland fekk gjennom prosjektet støtte til ulike små og store lokale tiltak.

Det andre prosjektet vi vil trekke fram er *Vidsyn*, eit prosjekt i Hordaland fylke, som vart avslutta i 2009. Prosjektet hadde både kompetanseheving og utarbeiding av ressursar til bruk i biblioteka som fokus. I tillegg kartla dei kva tilbod som fantes i fylket.

Kompetansehevingstiltaka var tilbod om kurs i tverrkulturell forståing, eller vidareutdanning med støtte frå fylkeskommunen.

Blant ressursane som vart utarbeidd i prosjektet var «Velkommen inn», eit opplegg for besøk frå vaksenopplæring i biblioteket. Det blei produsert materiale, i tillegg til ein grafisk profil som biblioteka kunne bruke, som ønskte velkommen på fleire språk. I avsluttinga av prosjektet blei det arrangert ein erfaringskonferanse. I evalueringa av prosjektet vart det uttrykt eit ønske om å opprette nettverksgruppe for fleirkulturelle bibliotektenester (ikkje p.d.d. etablert i Vestland). Sjølv om dette er arbeid som ligg langt tilbake i tid, er det relevant i dag. Eit av funna peiker nettopp på introduksjon til biblioteket som viktig for vidare bruk.

Desse to prosjekta kan vere døme som viser ulike og gode måtar for fylkeskommunen å arbeide med integrering og inkludering. Der *Rom for møte* var eit prosjekt som var basert på lokalt initiativ og utvikling ved det einskilde bibliotek, var *Vidsyn* eit prosjekt som søkte å bygge nettverk, strukturar og kompetanse. Begge deler er viktig i eit utviklingsperspektiv.

BIBLIOTEKET SOM ARENA - UTVALD FORSKING PÅ INNVANDRARAR OG BIBLIOTEK

Ein siste del av utforskinga av temaet vi har gjort, både som førebuing til intervju og som del av ein breiare kontekst, er å sjå på kva forskning som er gjort i Noreg på innvandrarar sin bruk av folkebiblioteket. Fundamentet for å forstå innvandrarar sin bruk av biblioteket, er innsikt i kva folkebiblioteket har utvikla seg til å vere i dag og kva rolle det spelar i samfunnet.

Folkebiblioteklova slår fast at biblioteket er ein stad for tilgjengeleggjing av litteratur for befolkninga, men like viktig er at det er ein møtestad for arrangement og ein stad å vere. Det er ein arena der ein kan møte og interagere med både kjende og ukjende menneske, og det har stor verdi. Innan bibliotekforskning definerer ein ofte biblioteket som ein tredje stad - ein uformell offentleg stad der ein møter kjende og får nye kjenningar. Slike tredje stader er viktig for eit fungerande sivilsamfunn, for demokrati og for deltaking (Oldenburg, 1999). Biblioteket kan også vere ein stad for både høg- og lågintensive møte. Som høgintensiv møtestad er det ein stad der vi kan dyrke våre primære interesser og engasjere oss saman med menneske som delar desse interessene. Som lågintensiv møtestad er biblioteket derimot ein arena der vi blir eksponert for menneske ulik oss sjølv, der vi møter andre med ulike interesser, verdiar og synspunkt enn våre egne (Audunson, 2005). Biblioteket er ein av få lågintensive møteplassar igjen i dagens samfunn. Slike møtestader står opp under fellesskap og forståing, og dei bygger opp under demokratiet. Ein kan sjå, møte og kanskje kome i snakk med menneske som er ulik ein sjølv, som t.d. ved at ein bestefar i avisroken kan kome i snakk med ein flyktning på 21 år frå Syria. Samtalen oppstår fordi dei er på den same staden til same tid.

For at samtalar skal oppstå må ein ha tillit mellom menneske, og folkebibliotek er ein stad og ein institusjon som har potensial til å skape tillit hos innvandrarar. Biblioteket blir sett på av

flyktningar som ein trygg stad å vere, der tillit til institusjonen smittar over på andre (og framande) brukarar av biblioteket (Vårheim, 2014). Ved at biblioteket innbyr til tillit, fasiliterer det også for uformelle møte mellom brukarar, og dermed kontakt mellom kulturar. Å skape tillit er viktig for å lukkast med integrering, og medan andre offentlege institusjonar kan slite med tillit blant innvandrarar, nyt biblioteket tillit (Vårheim, 2014).

Særleg innvandrarkvinner sin bruk av biblioteket viser at dei har stor tillit til biblioteket og kjenner seg trygge der (Audunson et al., 2011; Essmat, 2009). Men meir enn det, biblioteket blir sett på som ein trygg arena for kvinner og barn, og dermed ein akseptabel stad å vere utanfor heimen (Essmat, 2009). Folkebiblioteket ser ut til å vere særskild viktig i ein første fase i Noreg, der det er ein plass som både gir høve til studiar, tilgang til kunnskap om Noreg og norsk språk, det er ein plass å vere, møte menneske, halde kontakten med eigen kultur gjennom t.d. bøker på morsmål og tilgang til aviser frå heimlandet og ein stad å finne trøyst (Audunson et al., 2011). Forskingsfunn viser til at dei som har ansvar for norsklæring og introduksjon til Noreg, bør samarbeide med folkebiblioteket om introduksjon til bruk av biblioteket, fordi det har potensialet til å lette integrering (Vårheim, 2011, 2014).

Språkkafear er døme på arrangement der det ifølgje norsk forskning er potensiale for deling av informasjon, stifting av nye kontaktar og vennskap mellom innvandrarar og majoritetsbefolkninga, og dermed også høve for integrering (Johnston, 2018, 2019). Det kan fremje innvandrarar sin politiske integrasjon til Noreg, i fire steg ved å: 1) støtte læring av norsk, 2) utvide sosiale nettverk, 3) legge til rette for informasjonsutveksling som er relevant for sivil deltaking i samfunnet og 4) legge til rette for samtalar og meningsutvekslingar der det personlege møter det politiske (Johnston & Audunson, 2019). Språkkafear kan definerast som lågintensive møtestader der det går føre seg møte og ikkje minst samtaler mellom innvandrar og lokalbefolkninga elles (Golten, 2022, s. 244). I ei slik setting der innvandrarar og menneske frå majoritetsbefolkninga samtalar om tema som kultur, merkedagar, tradisjonar og festmat osb., blir det da i tillegg til å vere språktrening, ei potensiell kjelde til informasjon og eit møte mellom kulturar.

PRESENTASJON AV FUNN

Frå intervju med dei seks biblioteksjefane har vi identifisert ti funn som vi vil presentere i dette kapitlet. Kvar enkelt funn blir presentert, nyansert og vi får sitat frå biblioteksjefane som eksemplifiserer eller utdjupar funna. For kvart funn blir det også presentert eit potensial. Med potensial ønskjer vi å peike på kor det er rom for styrking av det som allereie eksisterer som tiltak og tilbod.

Før vi går nærare inn på ei skildring av kvart enkelt funn, presenterer vi dei her samla:

1. Biblioteket blir mykje brukt som ein møteplass og ein stad å vere
2. Biblioteka som har tilrettelagt lokale for familiar og som har familiearrangement, når ut til innvandrarfamiliar
3. Sommarles når barn av innvandrara
4. Dei biblioteka som satsar på fleispråkleg litteratur opplever at det blir brukt
5. Introduksjon til biblioteket gir meirbruk
6. Samarbeid med vaksenopplæring/flyktingteneste er nøkkelen til språkkafé
7. Det er ei utfordring å nå ut med tilbod via dei vanlege kanalane
8. Digital rettleiing kan vere utfordrande og tidkrevjande
9. Biblioteka er populære stader å ha språkpraksis
10. Samarbeid med kommunale tenester og frivillige organisasjonar er i liten grad systematisert

BIBLIOTEKET SOM MØTEPLASS

Funn 1:

Biblioteka blir mykje brukt som ein møteplass og ein stad å vere.

Potensial:

Synleggjere biblioteka som arena for integrering ved at dei er gode stader å vere.

Biblioteksjefane opplev i stor grad at biblioteket er ein mykje brukt arena blant innvandrarbefolkninga i kommunane. Fleire brukar formuleringar som at biblioteket for innvandarane er «ein stad å vere» og «ein møteplass».

Ein observasjon alle biblioteksjefane gjer er at arrangement som lesesirklar, bokprat, lokalhistorie- eller debattarrangement i liten grad blir besøkt av målgruppa. Dette forklarar biblioteksjefane dels med språkutfordringar og interesse, dels med ei utfordring med å nå ut til målgruppa om arrangement, men også at nokre av arrangementa kan opplevast litt lukka. Biblioteksjefane opplever at innvandrarbefolkninga i større grad enn befolkninga elles bruker biblioteket som ein plass å opphalde seg. Ein biblioteksjef forklarar det slik:

Når det er organisert frå vår side [...] da kjem jo dei norske også. Det er akkurat som vi [nordmenn] må ha meir organisert [aktivitet], men dei innvandrarane, dei kan berre møtast dei. Så eg opplev nok at dei brukar det [biblioteket] meir som den uformelle møteplassen enn det kanskje dei norske gjer da.

Samstundes meiner nokre biblioteksjefar at ukrainske flyktingar (i tillegg til arbeidsinnvandrarar frå Aust-Europa) brukar biblioteket på ein litt annan måte enn flyktingar frå Asia og Afrika. Biblioteksjefane som kjem inn på dette meiner dei ser eit høgare utlån, og at desse brukarane oftare har spesifikke gjeremål når dei oppsøker biblioteket. Dette tilskriv dei til dels at, ukrainarane spesielt, er meir vande med å bruke bibliotek heimanfrå.

PC-ar og studiekrok/arbeidsplass er tilbod som blir observert brukt av innvandrarar. Ein biblioteksjef seier også at dei ser igjen mange over år, og peiker slik på at det ikkje berre er i den første tida i Noreg at biblioteket er brukt: «[...] vi har jo en del innvandrarar, eller ja godt vaksne da, som har vore her ein del år, som vi ser sit og jobbar med PC i biblioteket». Ein annan biblioteksjef seier det slik:

Om ikkje dei låner mest, så bruker dei også meir biblioteket som ein møteplass eller ein plass å vere. Om det gjeld bruk av pc eller berre ein plass å jobbe eller sitte og lese.

Bruken som møteplass og stad å vere blir av fleire sett i samanheng med tilrettelegging av biblioteklokalet. Eit døme er barneavdelinga som aktivitetsplass for familien:

No bruker dei jo biblioteket mest som ein stad å vere, trur eg. Eg har ikkje sett så mange av dei sitte i ein krok og lese, men ... dei er her. Dei leiker med duploen, altså dei bruker biblioteket meir som møteplass.

Ein annan biblioteksjef ser samanheng mellom biblioteket som møteplass og utlånet: «Viss dei møtast her og sitt her, så dett det ei bok ned i fanget òg plutseleg. Når biblioteket blir mykje brukt som møteplass, går også utlånet opp.» Slik sett er det her ulike erfaringar når det gjeld samanheng mellom biblioteket som møteplass og utlån, men med den felles oppfatninga av at innvandrarar i stor grad bruker biblioteket.

Funn 2:
Biblioteka som har tilrettelagt lokala for familiar og som har familiearrangement når ut til innvandrarfamiliar.

Potensial:
Fleire bibliotek opprettar arrangement for familiar og tilrettelegg lokalet for familiar

«Særleg dei som har barn brukar mykje av fritida si på biblioteket saman med barna og det er jo ganske positivt.»

biblioteksjef

I fire av kommunane er biblioteket ein mykje brukt arena til barnefamiliar. Biblioteksjefane i desse kommunane fortel korleis dei har lagt biblioteklokalet til rette for denne gruppa. Nokre har eigne barne- og/eller småbarnsavdelingar med leikar som duplo og sitteplassar. Dei har rydda boksamlinga og skapa sittesoner fleire stader i biblioteket. Og eit par biblioteksjefar har observert at det spesielt er mange fedrar med innvandrarbakgrunn som kjem med barna sine for å møtast, og såleis brukar biblioteket som ein møteplass.

Eldre barn kjem på biblioteket også utan foreldre etter skuletid. Nokre biblioteksjefar fortel at biblioteket har gamingutstyr som aktiviserer barna, medan andre fortel at barna gjer lekser på biblioteket eller berre er i lag med venner der.

Når det gjeld gamingutstyr spesielt, ligg det eit potensiale for aktivitet på tvers av både kulturar og alder, som ein av biblioteksjefane skildrar:

Ungane [barn med innvandrarbakgrunn] møter vi heile tida. Dei er her mykje. Brukar det spesielt etter skuletid, da er det 50-50 norske og innvandrare, eller barn med innvandrarbakgrunn. [...]. Dei spelar Playstation og sånne ting. Og det er veldig fint fordi da ser du ein veldig blanding. Det er ein integreringsplass det også. Både med kultur, men òg med alder og litt sånn.

Ein annan biblioteksjef opplev på si side at dei fleste barna som brukar spelrommet deira har innvandrarbakgrunn. Likevel ser hen på spelrommet i biblioteket som eit integreringstiltak fordi: «[...] det kan godt hende at [...] dei andre i klassen har maskiner heime, og desse har ikkje det». Her er det snakk om tiltak som bidreg til utjamning.

Sjølv om førre funn skildra korleis innvandrare først og fremst brukte biblioteket som ein møteplass, og at det var ei gruppe som ikkje i særleg grad deltok på arrangement, er det eit unntak fleire biblioteksjefar er inne på, og det er familiearrangement. Ein biblioteksjef seier: «Då er det ein blanding, då er det eigentleg alle som kjem». Desse typane arrangement kan t.d. vere familielaurdagar, der biblioteket tilbyr ulike aktivitetar som teikning, perling, kanskje filmvisning og lesestund. Men det er ikkje alle biblioteka som har slike arrangement.

Både familielaurdagar, gamingutstyr og anna som legg til rette for felles aktivitet, meiner biblioteksjefane fremjar inkludering. Her deltek menneske ut frå at dei har noko til felles, som barn i same alder, interesse for dataspel eller anna. At bibliotekrommet er lagt til rette for barnefamiliar, kommuniserer at biblioteket er ein arena til bruk, uavhengig av om familien er innvandrarar eller ikkje.

SOMMARLES

Funn 3:
Sommarles når barn av innvandrarar.

Potensial:
Sommarles blir endå betre tilrettelagt for fleispråklege barn.

«Vi ser at Sommarles er eit veldig treffande tiltak for denne gruppa, fordi desse foreldra er veldig opptatt av utdanning og leseferdigheiter verkar det som.»

biblioteksjef

Sommarles¹ var noko biblioteksjefane trekte fram som eit viktig tilbod som vart brukt. Inntrykket frå fleire er at mange barn av innvandrarar deltek, og at dette gjer at dei brukar biblioteket gjennom sommaren.

Sommarles har over fleire år arbeidd med å nå ut til innvandrarar, spesielt med å lage informasjonsmateriale til føresette på ulike språk. At mange skular har fokus på Sommarles før ferien ved å informere og hjelpe til med registrering, gjer at ein når breitt ut. Det merkar biblioteksjefane: «Eg ser i alle fall at der får vi inkludert dei [innvandrarar med barn i skulealder]. Den tenesta brukar dei». Inntrykket for fleire av biblioteksjefane er at lesekampanjar er noko som foreldre er opptatt av fordi dei vil følgje opp barna på lesing og språkleg utvikling. Ein biblioteksjef beskriv innvandrarbarna som hen snakka med under Sommarles som «veldig motiverte». Vidare har ein annan biblioteksjef merka at mange austeuropearar er nysgjerrige på kampanjen. Sommaren har blitt ei travel tid på biblioteket, forklarar hen:

No har vi mykje høgare utlån mellom mai og august, både besøk og utlån enn i vår, altså frå februar til april. Det har blitt ei veldig travel tid, og eg har på ein måte merka meg at det er mange utlendingar inno som òg er interessert i Sommarles og lånar mykje.

¹ Sommarles er ein nasjonal lesekampanje for 1. til 7. klasse, som varar frå 01.06. til 31.08. og blir arrangert av folkebiblioteka. Deltakarane registrerer leste bøker digitalt og kan hente premiar på biblioteket.

Biblioteksjefen ser Sommarles som eit integreringstiltak, i og med at lesing er språktrening, og etterlyser måtar det kan bli dokumentert på. I så fall kan folkebiblioteket kanskje få kommunale integreringsmidlar til Sommarles.

Samstundes har ein annan av biblioteksjefane inntrykk av at barn av innvandrarar i større grad enn andre fell av i løpet av sommaren. Utfordringar kan vere at dei treng hjelp med registrering av bøker. Det blir uttrykt ønske frå fleire biblioteksjefar om at også meir praktiske instruksar til Sommarles kjem på ulike språk, som t.d. korleis registrere ei bok.

FLEIRSPRÅKELEG LITTERATUR

Funn 4:
Dei biblioteka som satsar på fleispråkleg litteratur opplever at det blir brukt.

Potensial:
Fleire bibliotek satsar meir aktivt på fleispråkleg litteratur.

«Nokre språk har vi heile tida [...] der veit vi det går mykje [...], men elles prøver vi å bytte litt på desse språka. Vi prøver å tiltrekke oss nye folk.»

biblioteksjef

Alle biblioteka har eigne fleispråklege samlingar, men i ulikt omfang. Dei låner i tillegg inn bøker frå Det fleispråklege bibliotek (DFB)². Funna tyder på at det er ein samanheng mellom bevisst arbeid med samlingsutval på ulike språk og utlånet frå samlingane.

Dei som opplev at deira eiga samling og spesielt samlingane frå DFB blir godt brukt, varierer språka dei låner inn, sjølv om nokre er faste (fordi det er stort utlån på dei språka). Ein biblioteksjef fortel at dei forsøker å variere kva språk dei tek inn frå DFB til både barn og vaksne. Ein annan biblioteksjef fortel at dei no har inne bøker på sju eller åtte språk frå DFB. Av eigne samlingar har dette biblioteket kjøpt inn noko på ukrainsk. Særleg barnebøkene på ukrainsk er i sirkulasjon, til tider er heile samlinga utlånt, fortel hen.

Men her er det forskjell på kommunane. Ein biblioteksjef fortel at dei har hatt bøker på ulike språk frå DFB inne, men at utlånet har vore lågt. Samstundes har biblioteket enkeltlånarar dei bestiller bøker til frå DFB på førespurnad. Biblioteket har kjøpt inn nokre barnebøker på polsk,

² DFB er eit nasjonalt støtteapparat for folkebiblioteka, slik at alle folkebibliotek effektivt skal vere i stand til å gi brukarar med fleirkulturell bakgrunn eit godt tilbod.

litauisk og ukrainsk til eiga samling, og dei blir i nokon grad lånt ut. Inntrykket hen har, er at innvandarforeldre låner norske barnebøker til barna, fordi dei er oppteken av at barna skal lære seg norsk. Fleire av biblioteksjefane fortel at innvandrargruppa i tillegg til å låne bøker på morsmålet, også låner bøker på norsk, spesielt i samband med språklæring. Ei utfordring er å finne bøker som har enkelt språk, men ikkje er barnslege. Ofte er det få alternativ til barnebøker.

Nokre bibliotek opplev at skule og barnehage av og til spør om biblioteket kan låne inn bøker på ulike språk. Det er usikkert om det er eit tilbod som er godt kjent i sektorane. Ein biblioteksjef meiner skulesektoren i for liten grad kjenner til og nyttar seg av moglegheita folkebiblioteket har til å låne inn fleirspråklege bøker til dei. Ein annan biblioteksjef uttrykker på den andre sida ein viss reservasjon mot å låne bøker frå DFB til barnehagar, fordi bøkene kan vere dyre å erstatte. Likevel har hen lånt frå DFB når barnehagen har spurt.

Alle informantane er inne på at det er ei utfordring å nå ut med tilbodet. Dei som opplev ein del utlån av bøker på ulike språk, legg vekt på at dei må vere tolmodige og tenkje langsiktig: «eg tenkjer sånne ting tek tid å bygge opp. At ein har ein del faste lånarar, og så håper eg at dei spreier [informasjon] i sine miljø.» I tillegg til spreiring av informasjon i relevante miljø peiker fleire på at bibliotekbesøk arrangert i samarbeid med vaksenopplæringa, er ein god inngang for å gjere tilbodet kjent. At det er mogleg å låne bøker på eige morsmål på folkebiblioteket, verkar å vere eit tilbod som til ein viss grad er kjent, men alle biblioteksjefane seier det er ei utfordring å sikre at alle tilbodet er relevant for, har informasjon om det.

INTRODUKSJON TIL BIBLIOTEKET

Funn 5:
Introduksjon til biblioteket gir meirbruk.

Potensial:
Styrke inngangsporten til biblioteket.

Eg trur nok språkkaféen vår er den linken som vi har som vi får inn flest på av vanlege innvandarar, at vi rekrutterer [...] dei der»

biblioteksjef

Det første kontaktpunktet mellom biblioteket og innvandarar bør kome tidleg. Med utgangspunkt i svara til biblioteksjefane er det ganske tydeleg ein samheng mellom ein første introduksjon til biblioteket via språkkafé, eller besøk til eller frå vaksenopplæringa på biblioteket, og seinare bruk av biblioteket. «Det er litt vanskeleg å vite om det er på grunn av

språkkaféen, men det er nok litt av dei same folka som vi ser til andre tider [på biblioteket] òg da», fortel ein biblioteksjef.

Alle biblioteksjefane har eller har hatt ein form for introduksjon til biblioteket. Målgruppa blir i slike møter introdusert for biblioteket og bibliotekrommet, orientert om tenestene og tilboda, og om dei vil, får dei lånekort. Slik blir inngangsporten til biblioteket opna. I kommunane skjer desse introduksjonsmøta anten sporadisk (avhengig av enkeltlærer på vaksenopplæring), medan det i andre kommunar er faste besøk frå vaksenopplæring (del av årshjul) eller som del av språkkafé.

Fråvær av samarbeid om desse introduksjonsmøta har for nokre biblioteksjefar gjort det tydeleg kor viktige desse møta kan vere. Ein biblioteksjef fortel at biblioteket hadde ein kontaktperson på vaksenopplæringa, og at bibliotekaren anten kom til vaksenopplæringa, eller vaksenopplæringa til biblioteket. Men så trakk vaksenopplæringa seg frå samarbeidet, og det merkar hen på besøk og bruk av biblioteket. Ein annan biblioteksjef har merka forskjell i bruk etter at språkkaféen vart flytta frå biblioteket:

Når dei var på språkkaféen, så var det jo på ein måte meir naturleg at dei då i same slengen kanskje lånte [...] ei bok eller var i biblioteket då, så det har nok dabba litt av etter det altså.

Denne språkkaféen vart ikkje erstatta av introduksjonsmøte til biblioteket, kanskje litt fordi vaksenopplæringa vart flytta til nabokommunen. Dermed må innvandrane sjølv finne vegen til biblioteket. Og sjølv om det er fleire som gjer det, merkar biblioteksjefen ein forskjell.

Det er berre to av seks bibliotek som har det vi kan kalle faste avtalar med vaksenopplæringa eller flyktingtenesta om introduksjon til biblioteket. Her må det understrekast at dei innvandrane som biblioteka når med introduksjonsmøte og språkkafé stort sett er flyktingar, eller innvandrarar som er innom vaksenopplæring. Arbeidsinnvandrarar og andre innvandrarar som ikkje er med på vaksenopplæring eller på språkkafé må finne sin eigen veg inn, noko vi kjem inn på i funn 7.

**FUNN 6:
SAMARBEID MED VAKSENOPLÆRING OG/ELLER FLYKTNINGTENESTA ER EIN NØKSEL TIL
SPRÅKKAFÉ.**

**POTENSIAL:
STYRKE SAMARBEIDET**

Språkkafé er noko alle biblioteka har eller har hatt tilbod om. Å arrangere språkkafé inneber rekruttering av frivillige og deltakarar, utvikling av innhald til bruk på arrangementet og sjølve arrangementet. Det tek meir tid og ressursar jo fleire deler av det biblioteket sjølv har ansvar for. I nokre kommunar har biblioteket teke ei stor rolle i arrangeringa av språkkafé, medan det i andre kommunar har hatt ei mindre rolle. Felles er at det alle stader har vore samarbeid om tilbodet, og kanskje det mest overraskande funnet i denne samanheng, var at det såg ut til at samarbeidet med vaksenopplæringa/flyktingtenesta var særskild viktig for å rekruttere *deltakarar* til språkkafeen.

På intervjudispunktet hadde to av seks bibliotek fast tilbod om språkkafé. I tillegg var det to bibliotek der det truleg snart ville bli eit tilbod igjen. Grunnen til at dei to siste biblioteka ikkje hadde språkkafé i biblioteket, var ulik: Det eine fordi vaksenopplæringa, som hadde drive kafeen, trekte seg ut på grunn av mangel på ressursar. Det andre fordi bibliotekets møterom var for lite og dermed ikkje eigna, så derfor blei språkkafé arrangert ein annan stad i kommunen.

Erfaringane frå biblioteka viser at det kan vere godt å samarbeide med organisasjonar som frivilligsentralen, Røde kors og andre frivillige organisasjonar både når det gjeld rekruttering av frivillige og å lage innhald til språkkafé. Å samarbeide med vaksenopplæringa og/eller flyktingtenesta om rekruttering av deltakarar er enno viktigare. Med eitt unntak viser det seg å vere ei utfordring å få deltakarar utan å ha kontaktpersonar med direkte tilgang på målgruppa. Det er i tillegg ingen som har ei skriftleg avtale om samarbeid som gjeld i dag. Nokre er avhengig av nøkkelpersonar, medan andre har god dialog sjølv om det ikkje ligg nokon avtale til grunn. Dette funnet kan også sjåast i samanheng med funn 7 og 10, som handlar om marknadsføring og faste avtalar.

Funn 7:

Det er ei utfordring å nå ut med tilbud via dei vanlege kanalane.

Potensial:

Biblioteka når betre ut med tilboda sine til målgruppa.

«Eg trur det er marknadsføringa som er vanskeleg. Det å nå dei, fordi at dei er ikkje venner med oss på Facebook nødvendigvis, ikkje sant?

Fordi dei kanskje ikkje har Facebook, det veit eg ikkje noko om. Ja det ligger jo også på kommunesidene, dei fleste arrangementa våre, men vi er kanskje ikkje på dei kanalane som dei ville fått med seg det då.»

biblioteksjef

I ei eller anna form er alle biblioteksjefane inne på at det kan vere vanskeleg å nå ut med informasjon om tilbud, tenester og arrangement til denne målgruppa. Verken sosiale medium eller nettstaden opplever dei som effektive i kommunikasjonen ut til innvandrarak.

Ein biblioteksjef seier det slik om å nå ut med informasjon om nye bøker lånt inn frå DFB: «Det er jo litt sånn at vi legg ut på sosiale medium, men eg veit jo at dei ikkje er der. Eller dei er der kanskje, men eg trur ikkje dei følgjer oss». Fleire av biblioteksjefane ser at det å ha personleg kontakt med målgruppa, eller med ein kontaktperson som har det, er mest effektivt for å nå ut. Men dette har vist seg å kunne vere sårbart om kontakten følgjer personen og ikkje er del av eit system. Ein av biblioteksjefane opplevde at deltakarane på språkkafé forsvann då kontaktpersonen var ute av jobben i ein periode:

Han [kontaktpersonen] var den som hadde personleg kontakt med dei [flyktingane] da og oppfordra dei til å komme [på språkkafe]. Så da kom dei ikkje. Det hjelper tydelegvis ikkje så mykje med Facebook og plakatar og diverse viss du ikkje har personleg kontakt da.

Uformelle kommunikasjonskanalar er noko fleire, om ikkje alle, nemnar som viktige for å nå ut med tilbud som DFB. Ein biblioteksjef fortel at dei har nådd godt ut med dette tilbudet, fordi det ryktast mellom innvandrarak. Når det gjeld informasjon om meirope, er det ein biblioteksjef som har inntrykk av at det også her er slik informasjonen når fram: «Det er nå ein god del som har fått seg sånn meiropebibliotek i alle fall, som er her på kveldstid. [...] Det spreier seg, har spreidd seg meir i det miljøet etter tips av kvarandre». Å gjere nytte av slike uformelle informasjonskanalar, for å få ut informasjon om tilbud biblioteket har, krev tolmod, og det kan vere veldig tilfeldig kva informasjon som når fram. Likevel er det dei uformelle kanalane, nest etter direkte kontakt, som ser ut til å vere effektive kommunikasjonskanalar

for å nå målgruppa. Som ein biblioteksjef uttrykk det: «Ein type jungeltelegraf er ikkje å forakte.»

For arbeidsinnvandrarar som ikkje er i kontakt med vaksenopplæringa/flyktingtenesta er slike uformelle informasjonskanalar ekstra viktig, for også her er det utfordrande å nå ut gjennom dei vanlege kanalane.

I tillegg til at det kan vere utfordrande å nå ut til målgruppa via dei vanlege kanalane, kan språk også vere ein barriere. Nokre av biblioteka har noko informasjon på fleire språk, og alle uttrykker eit generelt ønskje om å ha meir av det. Samstundes peiker nokre av biblioteksjefane på at dei veit at det eksisterer materiale som er omsett, men at det kan vere vanskeleg å prioritere å finne fram til det. Alle fortel at dei finn løysingar på korleis kommunisere viktig innhald til nye brukarar. Det er også ulike syn på kva som kunne vore nyttig å ha omsett. Det eine konkrete døme vi kom over i intervjuet av informasjon som var omsett og i bruk, er instruks for korleis bruke utskriftsmaskina på eit biblioteket. Det var mykje brukt. Instruks om korleis registrere bøker på Sommarles, var eit døme på informasjon fleire såg for seg kunne vere nyttig å omsette. På generelt grunnlag er alle positive til informasjon på forskjellige språk, utfordringa er å vite kva det skal vere, ev. finne det om det allereie eksisterer, og å ta det i bruk.

DIGITAL RETTLEIING

Funn 8:
Digital rettleiing kan vere utfordrande og tidkrevjande.

Potensial:
Bibliotektilsette skal bli trygge i rettleiarrolla.

«Vi kallar oss for Lille-NAV.»

biblioteksjef

«Nokon gonger tenkjer eg litt sånn at er dette eigentleg noko eg skal hjelpe til med? Er dette noko eg eigentleg skal sjå? Kvar går den grensa? Vi hjelper jo til, vi kan ikkje seie nei eigentleg, men eg har av og til tenkt at dette eigentleg er litt i gråsona for kva vi skal gjere.»

biblioteksjef

Alle biblioteksjefane framhevar at dei ser på digital rettleiing som ein del av dei lovpålagte oppgåvene til folkebiblioteket, og at dei opplever at det kan vere heilt avgjerande at biblioteket er der for nokre. Digital rettleiing må her forståast som t.d. hjelp til utskrift av viktige dokument, innlogging og bruk av offentlege tenester. Ein av biblioteksjefane seier:

Først og tenkjer eg at vi i alle fall er veldig viktig for målgruppa da. På mange måtar, men... Altså, eg tenkjer ofte på det at viss vi ikkje hadde vore her, kvar skulle dei da gått hen, mange av dei?

Alle utanom ein biblioteksjef er inne på at det er vanskeleg å vite kor grensa går for kva dei skal hjelpe med og ikkje. Ein av biblioteksjefane uttrykker at «dei tilsette har eit veldig genuint ønske om å hjelpe så godt dei kan og strekker seg nok lenger enn dei skal og bør». I det at dei strekker seg lenger enn dei «skal og bør», ligg både det at det kan ta uforholdsmessig mykje tid, vere utfordringar med tanke på personvern og at dei opplever at dei gjer oppgåver til andre etatar, oppgåver som dei verken har kompetanse til og som ligg langt frå deira fagområde.

Ein av biblioteksjefane reflekterer over korleis biblioteket er ein motsats til enkelte andre offentlege institusjonar/etatar med sitt lågterskel tilbod og si serviceinnstilling:

Kanskje opplevde [innvandarane] å ikkje bli møtt på ein god måte eller ja, at det var byråkratisk og sånn, så der kjem jo biblioteket inn tenker eg med mykje meir låg terskel, og her kan dei berre komme. Det er ikkje sånn at dei må ha timebestilling.

At ein ikkje treng timebestilling for å få hjelp på biblioteket, er det fleire biblioteksjefar som trekk fram som noko som gjer at biblioteket blir mykje brukt. Fleire av biblioteksjefane poengterer også at dei andre offentlege tenestene, og då spesielt NAV, opplevast utilgjengelege. Det er også ein usikkerheit i rettleiarrolla i den forstand at dei bibliotektilsette heller ikkje er trygge på kva dei kan bruke dei andre offentlege etatane til og kor dei kan vise innvandararar som treng hjelp til:

Men eg veit jo ikkje kvar dei [innvandarane] går elles. Men eg har tenkt at det kanskje berre er oss, at det ikkje er så veldig mange andre plassar. Men NAV-kontora er jo ofte veldig vanskeleg å få tak i...du må kanskje ha time...eller ja, det veit eg ikkje så mykje om rett og slett.

Ein av biblioteksjefane framhevar at det er stor forskjell på korleis dei ulike tilsette ser på denne oppgåva. Nokre er komfortable med rettleiarrolla på det digitale, andre ikkje. Men dei har likevel «ikkje noko system på det», altså at dei ikkje har fordelt ansvar, noko som kan vere vanskeleg når ein er eit lite bibliotek med få personalressursar.

Nokre av kommunane tilbyr ei form for fast digital rettleiing, denne er organisert og utført av eksterne, men lokalisert på biblioteket. Desse rettleiingane er opne for alle som har digitale utfordringar, men dit kjem stort sett eldre. Desse tilboda er ofte kursbasert, nokre har påmelding. Begge desse elementa kan vere ein barriere for å nå behovet til innvandrarmålgruppa, noko også fleire av biblioteksjefane er inne på. Kurs fordrar eit høgt

språknivå og påmelding gjer at det ikkje er lagt opp til at ein kan få hjelp med dei akutte oppgåvene ein treng hjelp med her og no. I tillegg seier fleire av biblioteksjefane at dei ikkje trur dei når ut til denne målgruppa med informasjon om dette tilbodet.

Samla sett viser funna at det å trygge biblioteka i rettleiarrolla både gjeld betre informasjon om og samarbeid med andre kommunale tenester, for å vite når ein skal tilvise vidare, i tillegg til oppdatert kompetanse på personvern. Fokus på kva biblioteka kan og ikkje kan hjelpe til med, kan også vere viktig å få ut i informasjon til målgruppa.

SPRÅKPRAKSIS

Funn 9:
Biblioteka er populære stader å ha språkpraksis.

Potensial:
Styrke biblioteka som språkpraksisplass.

Fem av biblioteka har folk inne på språkpraksis frå tid til anna, men dei organiserer det ulikt. Det kjem tydeleg fram i intervjuet at biblioteket ofte får førespurnader om praksisplass. Fleire av dei fortel at dei må seie nei til ein del, men tek inn nokon når dei har høve til det. Kor lenge ein person har språkpraksis på biblioteket, kjem an på faste avtalar og på korleis dei fungerer i rolla. Om det ikkje fungerer, har biblioteka høve til å avslutte tidlegare.

Fleire av biblioteka synes at det kan vere utfordrande å finne meningsfulle oppgåver som fyller dagane til personar i språkpraksis, og å følgje praktikantane ordentleg opp:

Det er ikkje alltid eg føler at vi [...] kan tilby dei så mykje som dei kanskje burde få da. At vi kan følgje opp like godt og sånn da, fordi dei har veldig varierende språkdugleik og på eit bibliotek kan det vere vanskeleg... Det er ikkje alt av arbeidsoppgåver vi kan gi dei, så det blir litt sånn enkle ting da. Sitte og lime på lappar eller prøve å sette på plass bøker, dei enklaste bøkene i hyllene og...etterkvart litt meir og kanskje, men ofte er dei ikkje så godt kjent med data. [...] Det kan vere ganske utfordrande eigentleg og tek mykje tid, [...] vi burde brukt meir tid på det, men vi har ikkje tid til det.

Biblioteksjefen som fortel dette, tek likevel inn personar på språkpraksis både fordi dei veit det er stort behov for praksisplassar og for å ha eit godt samarbeid med flyktingtenesta.

Ein annan biblioteksjef fortel at dei har bestemt seg for å berre ta inn menneske som søker språkpraksis:

Som bibliotek får du jo masse spørsmål frå blant annet NAV på å ha folk i praksisplass, og da har vi i det siste fokusert på de som [...] har det største behovet meiner vi da, de som lærer seg norsk og skal ut i norsk arbeidsliv og ikkje nødvendigvis andre grupper da. For vi ser det jo, dei har jo namn som gjer at de hamnar nedst i søknadsbunkane og sånn, så vi tenkjer at dei er dei som har størst utfordringar og treng praksisen best da.

På den måten får biblioteket også spesialisert seg på type praksis, og biblioteksjefen seier dei får mykje igjen for å ha personar i språkpraksis. Det er positivt og lærerikt: «Vi lærar veldig mykje av kultur, sånn at personalet får ein del ut av det også». Vanlegvis er ein person i språkpraksis i 3-4 månadar. Men biblioteksjefen understrekar at det er svært personavhengig om praksiskandidaten passar, og at dei kan avslutte tidleg dersom det ikkje fungerer.

Ein tredje biblioteksjef fortel at biblioteket har låg terskel for å ta inn folk på språkpraksis, og dei seier ja når dei har høve til det. Om dei blir tekne inn, er dei på biblioteket nokre dagar i veka og gjer enkle oppgåver. Biblioteksjefen fortel at ein dei hadde inne knekte språkkoden medan hen hadde praksis, og hen er i dag er fast vikar på biblioteket.

Biblioteksjefane ser og organiserer språkpraksis på ulike måtar, og har ulikt syn på språkpraksis, som går fram av dei tre døma som er trekt fram her. Fleire, i likskap med den første biblioteksjefen, ser på det som ei utfordring å finne meningsfulle oppgåver til dei som er i språkpraksis og føler at dei ikkje får følgt opp godt nok.

SAMARBEID, AVTALAR OG STRUKTURAR

Funn 10:
Samarbeid med kommunale tenester og frivillige organisasjonar er i liten grad systematisert.

Potensial:
Fleire bibliotek får faste avtalar og strukturar på samarbeid innan integrering.

«Eg trur jo nøkkelen er samarbeid.»

biblioteksjef

Ingen av kommunane i utvalet har eit planmessig og systematisk samarbeid om integreringsarbeidet der biblioteket er involvert som ein aktiv aktør. Dette har vi også belyst gjennom funna som omhandlar besøk frå vaksenopplæring, språkkafé, informasjonsflyt o.l..

Nokre har hatt gode samarbeid med flyktningtenesta, men det verkar å anten ha hatt samanheng med ein ekstra mellombels stilling med koordinatoransvar, eller einskilde engasjerte nøkkelpersonar, og ikkje del av ei langsiktig, planmessig satsing frå kommunen.

Nokre, som nemnt under funn 5 og 6, har, eller har hatt, faste opplegg med besøk og omvising i biblioteket for nye klassar ved vaksenopplæringa. Andre stader er det meir tilfeldig, dersom lærarar på vaksenopplæringa sjølve tar initiativ. Dei som har, eller har hatt, meir faste opplegg, har det ofte på grunn av at vaksenopplæringa ligg i nærleiken av biblioteket, eller at dei har spesielt godt samarbeid med enkeltpersonar. Unntak er *ein* kommune som har ein avtale med vaksenopplæringa.

Som vi såg i funn 6 har dei biblioteka som har språkkafé som regel samarbeid med Røde kors, frivilligsentralen, og nokre med norskopplæringa/flyktningtenesta, dersom dei er involvert i drift.

På spørsmål om biblioteket blir informert om kommande busettingar eller om spesielle innvandrargruppe som kjem til kommunane, svarar alle at dei ikkje får noko slik informasjon direkte frå flyktningtenesta, kommunen eller eventuelt arbeidsgjevarar. Nokon seier dei held seg oppdatert via lokalavisa, andre etter kvart som det kjem innvandrarar i biblioteket og etterspør tenester og tilbod, eller når dei dukkar opp som deltakarar på språkkafé.

Eit av biblioteka får ein del av integreringsmidlane, så kommunen forventar at dei gjer noko for målgruppa, men det er ikkje nemnt spesifikt i planar og liknande kva dei skal gjere, ifølge biblioteksjefen. På spørsmål om dei opplever at det er nokre forventningar til biblioteket når det gjeld integreringsarbeidet i kommunen, svarar ein annan av biblioteksjefane slik:

Nei, det trur eg ikkje dei har tenkt på eigentleg. Eg prøvar liksom å snakke om det da, for eg meiner vi er ein av dei plassane der det verkeleg skjer integrering. Fordi vi er ein sånn møteplass og vi har ein del aktivitetar. Så eg er nesten litt sånn småfornærma av og til for at dei ikkje på ein måte drar fram biblioteket litt oftare når dei snakkar om såne ting. Men eg veit ikkje heilt kva dei styrar med eigentleg. Akkurat korleis vi skulle ha vore involvert, veit eg ikkje, men dei kunne kanskje dratt det [biblioteket] fram litt kanskje.

Sitatet gir uttrykk for ein viss frustrasjon over å ikkje bli inkludert som ein reell aktør i arbeidet kommunane gjer for å integrere innvandrarar og flyktningar. Dette varierer frå kommune til kommune, men i fem av seks intervju erfarer vi at det å sjå på kva rolle biblioteket kan ha i det som burde vere felles planmessig innsats for innvandrarane i kommunen, er det først og fremst biblioteket som gjer på eige initiativ.

OPPSUMMERING, POTENSIAL OG VEGEN VIDARE

Funna i rapporten støtter opp om forskning og statistikk som viser at biblioteket fungerer som ein viktig møteplass for innvandrarakar, og det er meir enn berre ein stad ein låner bøker. Tilrettelegging med leikar og aktivitetar gjer at familiar med barn nyttar biblioteket aktivt. Biblioteksjefane peikar på at familiearrangement som lesestund og familielaurdag er særleg populære, ved sida av språkkafé. Slike arrangement legg til rette for møte gjennom felles interesser, på tvers av kulturar.

Funna viser er at det ikkje er store forskjellar på små og store kommunar når det gjeld korleis biblioteksjefane skildrar bruken, kva tilbod dei har og korleis dei jobbar med målgruppa. Forskjellane vi fann går på særskilde høve i kommunen, som ikkje nødvendigvis kan settast i samanheng med storleik på verken bibliotek eller kommune. Eit tydeleg funn er at folkebiblioteka i større grad treffer flyktningar framfor arbeidsinnvandrarakar, noko som ser ut til å vere grunna tilknytning til vaksenopplæring/flyktningtenesta og introduksjon eller språkkafé.

Fleirspråkleg litteratur er eit av dei tilrettelagde tilboda som gjer folkebiblioteket tilgjengeleg for fleire. Langsiktig og systematisk arbeid med å gjere tilbodet kjent og brukt, synest å ha ein god effekt på utlånet.

Sommarles blir av alle biblioteksjefane skildra som ein populær lesekampanje. Dei har alle merka at den har fått meir merksemd og deltaking frå barn med innvandrarakgrunn i seinare tid.

Alle biblioteksjefane er einig i at ein tidleg introduksjon til nye innvandrarakar, er positivt for vidare bruk. Slik introduksjon kan skje gjennom besøk av vaksenopplæring eller språkkafé. Likevel er det få systematiske avtalar og samarbeid rundt desse tiltaka. Noko av grunnen til at introduksjon til biblioteket og språkkafé er så viktig, er at det kan vere vanskeleg å få informasjon ut til innvandrarakar på andre måtar. Når biblioteket har lukkast, har det vore gjennom samarbeid med andre institusjonar i kommunen med direkte kontakt med gruppa.

Digital rettleiing kan vere tidkrevjande og utfordrande når det gjeld kor ein skal setje grenser for hjelpa. Biblioteksjefane føler seg usikker på kva som er innafor at dei hjelper til med og ikkje.

Biblioteket er ein populær plass for språkpraksis, og alle biblioteksjefane har hatt språkpraktikantar på biblioteket. Men det er stor forskjell på systematikk knytt til praksisen og også i kor stor grad biblioteksjefen meiner dei får tilbydt personen i språkpraksis stor nok grad av oppgåver som fremjar språklæring.

Integrering er eit ansvar som kviler på heile lokalsamfunnet og alle tenesteområde. Men når det gjeld samarbeid om ulike tenester og tilbod som kan fremje integrering, er det ikkje mange samarbeid som er forankra i avtalar, og det er ulikt om det er noko rettleiande frå politisk eller administrativt nivå i kommunane. Det som går igjen er at samarbeid er personavhengig i alle fall i fire av kommunane.

Her er dei potensiala som funna gir

- Synleggjere biblioteket som arena for integrering ved at dei er gode stader å vere
- Fleire bibliotek opprettar arrangement og tilrettelegg lokalet for familiar
- Sommarles blir endå betre tilrettelagt for fleispråklege barn
- Fleire bibliotek satsar meir aktivt på fleispråkleg litteratur
- Styrke inngangsporten til biblioteket
- Styrke samarbeid
- Biblioteket når betre ut med tilbod til målgruppa
- Bibliotektilsette skal bli trygge i rettleiarrolla
- Styrke biblioteka som språkpraksisplass
- Fleire bibliotek får faste avtalar og strukturar for samarbeid innan integrering

Vegen vidare

I prosjektrapporten har vi valt å legge fram funna og potensiala vi ser som moglege vegar til vidareutvikling, som kan styrke integreringsarbeidet i folkebiblioteka. Oppsummering av funna viser at det i både små og større folkebibliotek er fleire tilbod og tiltak, som bidreg i kommunen sin samla innsats for integrering av innvandrarak. Forskinga viser at folkebiblioteket kan vere ein viktig stad i den første perioden i Noreg, ein stad å lære og å halde kontakt med kulturen ein kjem frå. Det er også ein arena for integrering, fordi det er ein arena innvandrarak har tillit til, og der tillit smittar frå institusjon til brukarane. Når vi lever i eit meir fragmentert samfunn, treng kommunane lågterskel møteplassar som er lågintensive, så vel som å dyrke fram arenaer for utøving av interesser. Folkebiblioteket kan vere begge deler.

Denne rapporten konkluderer ikkje med at det er *ein* ting fylkeskommunen bør satse på for å styrke biblioteket som integreringsarena, men peiker på fleire moglege områder ein kan vere med å utvikle. Fylkeskommunen bør bygge vidare på det gode arbeidet som allereie blir gjort i dei ulike kommunane, og ta opp igjen nokre element frå tidlegare prosjekt som å sette fokus på biblioteka som møteplass og arena for å treffast rundt interesser og å bygge strukturar for samarbeid.

Biblioteksjefane såg potensialet ved ulike tilbod og tiltak, men understreka samtidig at det skorta på ressursar til å utvikle, leie og drive stadig nye prosjekt, spesielt om det var eit lite bibliotek med få stillingar. Derfor handlar mange av potensiala vi har kome fram til i denne rapporten om å styrke strukturar og systematikk. På denne måten vil satsingane på å styrke folkebiblioteka i Vestland som integreringsarena vere langsiktige, berekraftige, men samtidig fleksible.

PROSJEKTET

Prosjekteigar: Elin Golten

Gevinstansvarleg: Elin Golten

Prosjektleder: Silje Jansen Nybø

Prosjektmedarbeidar: Astrid Sundset Moe

Kunnskapsgrunnlag for vidare satsing på området integrering

Hovudpunkt i prosjektet

Del 1 av kunnskapsgrunnlaget

- oversikt av tidlegare prosjekt
- statistikk om innvandring og kulturbruk
- forskning på innvandrar og bibliotek

Kvalitative intervju med biblioteksjefar

- Utarbeide intervjuguide til semistrukturert intervju
- Velgje ut bibliotek ut frå sette kriterium
- Avklare personvern og bruk av data
- Gjennomføre intervju

Rapport

- oppsummering av funn
- anbefaling for satsingsområde vidare

Prosjektets forventa gevinstar

- Relevante og berekraftige satsingar på inkludering og integrering i folkebiblioteka
- Auka fokus på integrering og inkludering i biblioteka
- Styrke folkebiblioteka som integreringsarena

KJELDER

Vestland fylkeskommune (2023). Kultur bygger samfunn. Regional plan for kultur 2023-2035.

Vestland fylkeskommune (2024). Utviklingsplan for Vestland. 2024-2028. Regional planstrategi.

Tall og statistikk

Bekkengen, F. V. (2023) Fam Vivian. Kulturbruk blant personer med innvandrerbakgrunn Statistisk sentralbyrå. [Kulturbruk blant personer med innvandrerbakgrunn](#)

Dzamarija, M.T. (2019). Slik definerer SSB innvandrere. Statistisk sentralbyrå. [Slik definerer SSB innvandrere – SSB](#)

[Tall og statistikk over innvandring og integrering | IMDi](#)

[09817: Innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre, etter innvandringskategori, landbakgrunn, statistikkvariabel, år og region. Statistikkbanken](#)

Om prosjekt, arrangement og tenester

Bibliotekutvikling.no

Bibliotekutvikling Vestland (2022). Sluttrapport Rom for møter – folkebiblioteka i Bergen og Vestland som integreringsarena.

Fylkesbiblioteket i Hordaland (2009). Sluttrapport prosjekt Vidsyn.

Forskning

Audunson, R. (2005). The public library as a meeting-place in a multicultural and digital context : The necessity of low-intensive meeting-places. Journal of Documentation, 61(3), 429-441. <https://doi.org/10.1108/00220410510598562>

Audunson, R., Essmat, S., & Aabø, S. (2011). Public libraries: A meeting place for immigrant women? Library & information science research, 33(3), 220-227. <https://doi.org/10.1016/j.lisr.2011.01.003>

Essmat, S. (2009). Biblioteket som møteplass for innvandrerkvinner? [Masteroppgåve, Høgskolen i Oslo, Høgskolen i Oslo]. ODA - Open Digital Archive. Oslo. <https://hdl.handle.net/10642/331> Lov om folkebibliotek (1986). <https://lovdata.no/lov/1985-12-20-108>

Golten, E. (2022). Folkebiblioteket som uavhengig møtestad og arena for offentlig samtale og debatt i ei digital tid [OsloMet - storbyuniversitetet]. ODA - Open Digital Archive. Oslo.

Johnston, J. (2018). The use of conversation-based programming in public libraries to support integration in increasingly multiethnic societies. Journal of librarianship and information science, 50(2), 130-140. <https://doi.org/10.1177/0961000616631613>

Johnston, J., & Audunson, R. (2019). Supporting immigrants' political integration through discussion and debate in public libraries. *Journal of librarianship and information science*, 51(1), 228-242.
<https://doi.org/10.1177/0961000617709056>

Oldenburg, R. (1999). *The great good place : cafés, coffee shops, bookstores, bars, hair salons, and other hangouts at the heart of a community*. Cambridge: Da Capo Press.

Varheim, A. (2011). Gracious space: Library programming strategies towards immigrants as tools in the creation of social capital. *Library & information science research*, 33(1), 12-18.
<https://doi.org/10.1016/j.lisr.2010.04.005>

Varheim, A. (2014). Trust and the role of the public library in the integration of refugees: The case of a Northern Norwegian city. *Journal of librarianship and information science*, 46(1), 62-69.
<https://doi.org/10.1177/0961000614523636>

Rapport utarbeidd av Vestland fylkeskommune

Astrid Sundset Moe og Silje Jansen Nybø, 2025.



vestlandfylke.no